

TUSSA ENERGI AS  
Langemyra 6  
6160 HOVDEBYGDA

**Vår dato:** 30.06.2023

**Vår ref.:** 202304847-16 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** Anders Aarflot Nupen

Randi Holme, 99 21 51 222  
/rho@nve.no

## **Dam Børevatn - Sørbrandal kraftverk - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap**

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Børevatn.

### **Vedtak**

*NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 17.03.2023 for rehabilitering av dam Børevatn ved Sørbrandal kraftverk i Vanylven kommune.*

### **Vilkår for godkjenninga**

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet
- Arbeida skal gjennomførast i samsvar med krava i post 15 og 19 i konsesjon datert 17.07.1953
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen datert 17.07.1953. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 17.07.1953 post 15.

### **Tilsyn**

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å utarbeide eit internkontrollsystem for byggjefasen og driftsfase. Vi føreset at eit internkontrollsystem i



samsvar med forskrifta vert utarbeidd og implementert, og at denne også omfattar byggjefasen.

### **Vår handsaming av søknaden**

Børevatn er inntaksmagasin til Sørbrandal kraftverk. Det vart gitt konsesjon til kraftverket i 1949 med seinare endring i 1953. Kraftverket vart sett i drift i 1951.

Dam Børevatn vart revurdert i 2017 og konkludert med at dammen ikkje stettar krava i forskrift om damtryggleik. Med bakgrunn i dette må dammen rehabiliterast. I tillegg har NVE pålagt konsesjonæren å skifte ut dei smisveiste røyra i nedste del av vassvegen mellom Børevatn og kraftstasjonen. Detaljplanen som er handsama i dette vedtaket gjeld rehabiliteringa av damanlegget. Detaljplan for pålagd tiltak i vassvegen vert utarbeidd seinare og skal sendast til NVE for handsaming.

Detaljplanen vart sendt på høyring 27.03.2023 til Vanylven kommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Frist for fråsegn var sett til 27.04.2023.

#### *Detaljplanen*

Børevatnet ligg drygt 350 meter over havet, demd opp av ein steinfyllingsdam. Betongkjernen i dammen skal hevast med 0,75 meter, opp- og nedstraums støttefylling og skråningsvern skal byggjast på, og fyllingsdammen skal forlengast mot flaumkanalen. I tillegg skal det settast nye setnings- og deformasjonsboltar og flaumkanalen skal reinskast opp og reparerast.

Det er nødvendig å etablere eit steinbrot ved demninga for å skaffe stein til støttefylling/skråningsvern. Det verte etablert fleire mellombelse rigg- og lagerområde. Eksisterande veg fram til damanlegget vert nytta. Det vert etablert mellombelse anleggsvegar internt i anleggsområdet mellom rigg- og lagerområda, området for mellomlagring av massar og dammen. I tillegg vert det etablert ein mellombels anleggsveg til steinbrotet.

Tiltaksområdet ligg i eit hytteområde, og området er mykje nytta som dagstuområde. Detaljplanen skildrar avbøtande tiltak for å ta omsyn til dette.

Førebuande arbeid er planlagt sett i gang hausten 2023 og opprydding og istandsetting er planlagt gjennomført i første halvdel av 2025.

#### *Fråsegner*

Vanylven kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt fråsegner til detaljplanen. Fråsegnene er sende til Tussa Energi AS for kommentar, og vi har fått deira kommentarar i e-postar datert 02.05.2023 og 09.05.2023.

Vanylven kommune ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 18.04.2023. Kommunen skriv:

*«På Brandalsfjellet er F23 til F30 i kommuneplanens arealdel sett av til framtidig fritidsbustadar. Fjellområde med moglegheit for vegtilkomst frå privat fjellveg. Ingen risikosone for ras, stormflo eller radon. Natumangfald, ingen kjende registreringar. Kulturminne og kulturmiljø, ingen kjende registreringar. Landskap, strandsone, sårbart*



*fjellandskap. Nær fjellvatn. Avbøtande tiltak: Utbygging og regulering må ta omsyn til beitebruk og fjellandskap. Konklusjon: Naturleg utviding av tidlegare regulerte/fastlagde hytteområde. F23 bør ikkje byggast ut før F26 er ferdig utbygd og fortetting i F25 er nytta. Vanylven kommune har ikkje merknadar til at området vert nytta til steinbrot. Sett som krav at avdekkingsmasse vert nytta til og setje området i stand etter bruk».*

Møre og Romsdal fylkeskommune ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 26.04.2023, og har ingen merknader til detaljplanen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ga fråsegn til detaljplanen i brev datert 04.05.2023. Han skriv:

*«Vi kjenner ikkje til andre naturfaglege registreringar i området enn det som ligg i Naturbasen ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og i Artskart. I samband med prosjektet er det gjennomført vegetasjonskartlegging etter NiN-basert instruks for dei delane av tiltaksområdet som ikkje er påverka av kraftverksutbygginga tidlegare. Det vart registrert fire naturtypar med moderat kvalitet og ein med låg kvalitet. Desse registreringane er lagt inn i Naturbasen. Ingen av desse blir rørt av det omsøkte tiltaket.*

*Det er behov for stein til plastring og støttefylling. Det er derfor planlagt eit steinbrot ved Trollryggen på austsida av Børevatn. Dette har direkte tilkomst frå eksisterande veg. Arealet ligg innanfor eit område som i samband med vegetasjonskartlegginga er vurdert til å inngå i ein naturtype av boreal hei av moderat kvalitet. (Det går fram at området ikkje er synfart av økolog, men at det berre er gjort ei kvalifisert vurdering av økolog som gjennomførte andre registreringar i området. Det er derfor ikkje registrert i Naturbasen). Boreal hei er i raudlista vist som sårbar (VU). Sidan området ikkje er synfart vil det vere noko usikkerheit om naturverdiane her. Det hadde derfor vore ønskeleg at arealet var blitt nærare vurdert i felt. Vi registrerer likevel at sjølve arealet for steinbrotet utgjer berre ein mindre del av den vurderte naturtypen. Arealet består av delvis nakent berg, med innslag av noko myr. Vi kan derfor vere samd med konsulenten i at dette arealet neppe skal kartleggast etter Miljødirektoratet sin instruks. Det går ikkje fram om det er gjort vurderingar av eventuelle andre lokalitetar for uttak av stein.*

*Vi føreset at ein legg opp til å gjennomføre arbeidet på ein måte som set minst mogleg spor i landskapet. Det er laga ein revegeteringsplan som syner korleis ein skal ta vare på og nytte både toppmassar/vegetasjonsdekke og underliggande mineraljord. Dette er positivt. Vi føreset at anleggsutstyr blir reingjort før inntransport til området for å hindre introduksjon av framande artar, jf. krava som følgjer naturmangfaldlova § 28 og kapittel V i forskrift om framande organismar.*

*Planen inneheld krav til anleggsarbeida i høve forureining og avfall. Selskapet sitt internkontrollsystem vil inkludere rehabiliteringa av dammen. Det går ikkje klart fram av planen, men vi føreset at dette også inneber ein eigen beredskapsplan for akutt forureining».*

Tussa Energi AS kommenterer fråsegna slik: *«Vi bekreftar at vi legg opp til å følgje planlagt arbeid slik som de er beskreve i innsendt DML. Vedr. reinhald av maskiner, forureining og avfall så vil dette bli innarbeidd i ein eigen miljøoppfølgingsplan for anlegget. Denne skal*



*leggast ved konkurransegrunnlaget og valt entreprenør må innarbeide dette i sitt system for det spesifikke anlegget».*

NVE vurderer innspela frå Statsforvaltaren som etterlevd, og vi finn med bakgrunn i dette ikkje grunnlag for å setje særskilde vilkår knytt til Statasforvaltarens sine merknader.

Vanylven kommune har sett som føresetnad at avdekkingsmasse vert nytta til å setje området i stand etter bruk. Dette er skildra i detaljplanen som var sendt på høyring, og det er laga ein eigen plan for revegetering av anleggsområdet. Med bakgrunn i dette vurderer NVE føresetnaden som etterlevd, og finn ikkje grunn til å setje særskilde vilkår knytt til dette.

DMF ga ikkje fråsegn til detaljplanen innan fristen som var sett. DMF stadfestar i brev datert 03.05.2023 at dei har motteke søknad om konsesjon etter minerallova for etablering av masseuttaket, og at søknaden er under handsaming.

#### *Vurdering av flaum og skredfare*

Flaum og skredfare er vurdert i detaljplanen. Det er opplyst at området ved dam Børevatn og planlagt steinbrot ikkje ligg i aktsemdsområde for verken snøskred, jordskred eller steinsprang. I samband med teknisk plan er det gjort ei vurdering av handtering av magasinvasstand i byggetida. Ved å køyre magasinet lavt og gjennomføre arbeid på oppstraums side av dammen i periodar med historisk lavt tilsig er det vurdert at det ikkje er behov for ytterlagre tiltak. Vanylven kommune opplyser og i si fråsegn at området ikkje er i risikosone for ras, stormflo.

NVE minner om at det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å gjennomføre risikovurderingar og eventuelle nødvendige tiltak for å redusere eventuelle risikoforhold.

#### *Vurderingar etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar, er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke og våre erfaringar. Det er gjennomført kartlegging av naturtypar etter NiN-metoden for den delen av anleggsområdet som ikkje er påverka av tidlegare kraftutbygging som er lagt ved detaljplanen. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 28.06.2023. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

I influensområdet til Børevatnet er der registrert boreal hei av moderat kvalitet. Hovudtiltaket for å avbøte negative verknader på denne naturtypen er å avgrense arealbruken mest mogeleg. Der er dessutan registrert vaktel ved Børevatnet. Arten er registrert som «sårbar» på raudlista. Registreringa er frå 1950, og det er vurdert at det er lite som tilseier at det hekkar vaktel ved Børevatnet i dag. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ikkje kommentert dette. NVE tolkar dette slik at vurderinga er tilstrekkeleg.

I Måsdalsvatnet som ligg aust for Børevatnet er der registrert smålom. Han er ikkje på raudlista, men er verna av ei rekkje internasjonale avtalar. Han er ført til



prioriteringskategori 3 for sårbare artar av fugl. Måsdalsvatnet ligg over 500 meter frå anleggsområdet og dermed utafor tilrådd omsynssone for sårbare artar. Dette er heller ikkje kommentert av Statsforvaltaren, og NVE tolkar dette slik at vurderinga er tilstrekkeleg.

Vi har og vurdert tiltaket sine verknader i samband med anna påverknad av naturtypar, artar og økosystem. Samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er vurdert etter naturmangfaldlova § 10. Ho er ikkje så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Etter krava i § 11 og § 12 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved, og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. De har opplyst kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å avgrense arealbruken best mogeleg og sette i stand areala som vert nytta med naturleg revegetering som metode. Kostnadene for dette vert dekte av Tussa Energi AS.

### **Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til**

#### *Plan- og bygningslova*

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Vanylven kommune ga dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i vedtak datert 19.06.2023.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

#### *Forskrift om damsikkerheit*

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) vart godkjend av NVE i vedtak datert 27.10.2022.

#### *Privatrettslege rettigheter*

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

#### *Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk*

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

### **Høve til å klage**

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.



Med helsing

Kristian Markegård  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**

TUSSA ENERGI AS

**Kopimottakarliste:**

TBD - Seksjon for dampsikkerhet - Steinar Lund

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

Vanylven kommune

TUSSA ENERGI AS - Anders Nupen



## Orientering om rett til å klage

|                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|-------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Frist for å klage                   | <p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>                                                             |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket | <p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Kva skal med i klagen?              | <p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p> |
| Du kan få sjå dokumenta i saka      | <p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| Vilkår for å gå til domstolane      | <p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>                                                                              |
| Sakskostnader                       | <p>Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>                                                                                                                                                                                                                                                    |
| Kven kan klage på vedtaket?         | <p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Kvar skal du sende klagen?          | <p>Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a>. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.</p>                                                                                                                                                                                  |

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*

